

# **Visitasmelding 2013-2021**



**Borgund  
sokn**

**Ellingsøy  
sokn**



**Bispevisitas 26. - 30. oktober 2021**

# **Innhald**

## **1.0 Statusrapport**

- 1.1 Statistisk materiale
- 1.2 Utvikling sidan siste visitas
- 1.3 Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- 1.4 Vedtekne planar

## **2.0 Forventa utvikling i sokna – folketal og alderssamsetjing**

## **3.0 Kyrkjelydsutvikling – arbeid med planar og reformer**

- 3.1 Gudstenestearbeid – lokale grunnordningar
- 3.2 Kyrkjemusikalsk og kulturarbeid
- 3.3 Diakoniarbeid
- 3.4 Undervisningsarbeid -Trusopplæring- Barnehage/skule/kyrkje-samarbeid
- 3.5 Misjons- og evangeliseringsarbeid
- 3.6 Samfunnsengasjement
- 3.7 Borgund: Knutepunkt på kystpilegrimsleia
- 3.8. Utfordingar for kyrkjelydane

## **4.0 Personalressursar**

- 4.1 Bispedømmerådstilstilsette
- 4.2 Fellesrådstilstilsette
- 4.3 Stillingsbehov

## **5.0 Økonomi**

## **6.0 Bygg og anlegg**

- 6.1 Borgund kyrkje
- 6.2 Ellingsøy kyrkje
- 6.3 Igangsette og planlagde tiltak

# 1.0 STATUSRAPPORT

## 1.1. Statistisk materiale

Borgund sokn har eit ganske stabilt medlemstal: Pr. 1.1.2020 5412 medlemmar fordelt på fleire bydelar med hovudsakleg rekkehus, leilegheiter og einebustader. I 2012 var talet 5542. Befolkninga er breitt samansett med studentar, småbarnsfamiliar, middelaldrande og eldre som bur der dei har budd heile vaksenlivet.

Ellingsøy sokn har vakse frå 1671 medlemmer i 2012 til 2055 medlemmar pr. 1.1.2020. Befolkninga er samansett av både dei som er vokse opp på øya og dei som har flytta til. Dei siste åra har det vore ein auke i tilflytting mellom anna grunna bustadutbygging og arbeidsinnvandring.

## 1.2. Utvikling sidan siste visitas

8 år har gått sidan siste visitas. I løpet av denne tida har det skjedd endringar, ikkje minst har pandemien Covid19 sett sitt preg på arbeidet vårt. På grunn av nasjonale og kommunale restriksjonar har det vore mange små gudstenester, gravferder og open kyrkje den siste tida. Meir om dette seinare.

Borgund Menighetsbarnehage held til i underetasjen i menighetshuset. Barnehagen vart i 2018 utvida med ei friluftsgruppe og har no plass til 27 born.

Slotsvik Menighetsbarnehage vart overdratt til Læringsverkstedet 1. april 2020. Barnehagen er framleis lokalisert i kyrkjekjellaren, no under namnet Læringsverkstedet Solkollen, avd. Slotsvik. Det var avgjerande for soknerådet at den nye eigaren skulle drive etter kristen formålsparagraf.

Borgund dyrekubb som har eksistert i over 40 år har vore ein viktig møteplass for barn og unge. Drifta har kravd mykje tid og ressursar av sokneråda. Det har vore arbeidt for å få kommunen til å overta drifta i fleire år, og Ålesund kommune tok over i 2019 som ei prøveordning. Ålesund kommune har bedt styringsgruppa for dyrekubben om å finne eksterne drivrarar av klubben. Styringsgruppa arbeider no med dette.

Miljøfyrtårn. Borgund menighet vart sertifisert som miljøfyrtårn i 2005. Avtalen er no avvikla sidan den var tidkrevande og årleg resertifisering vart forholdsmessig kostbart for soknet. Ein har likevel halde fram med tiltaka når det gjeld ressursforvaltning og avfallsortering.

Misjonsprosjekt på Ellingsøy. Ellingsøy kyrkjelyd støtta Misjonsalliansen sitt arbeid på Filippinene i mange år. I 2017 fekk ein nytt prosjekt gjennom SAT7 i Midtausten i regi av Det norske misjonsselskap (NMS).

Barnekoret KidZing såg dagens lys i 2018 i Borgund. Det har vore leia av tre foreldre, og er eit tilbod for born i Borgund frå 2. klasse og oppover. Koret har pause i haust.

Kyrkjenaustet på Ellingsøy vart ferdig i 2017 og er mykje brukt av speidarane. Speidargruppa var knytt til Norges KFUK-M-speidarar i starten, men valde etter kvart å ikkje vere knytt til ein av speidarorganisasjonane. Naustet er også brukt i samband med konfirmantarbeidet, til frilufts-gudstenester og kyrkjeleiren for barn.

Ungdomsarbeid. På Ellingsøya er det pr. dato ikkje noko sjølvstendig ungdomsarbeid i kyrkjelag regi utover konfirmantarbeidet. Nokre få ungdommar bidrog på kyrkjemiddag. Kyrkjekjellaren er no under oppgradering og ein vonar å få i gang arbeid for ungdom dette skuleåret.

I Borgund er Ten Sing-koret Allsing i drift med medlemmer også fra Ålesund/Volsdalen. Det har vore arrangert Minileiarkurs (MILK) for ungdom etter konfirmanttida. Desse ungdommene har vore ein god ressurs mellom anna på konfirmantleirane og nattcup for konfirmantar.

I tillegg har det skjedd to store strukturelle endringar. For det første er Ålesund kyrkjelege fellesråd blitt større i samband med kommunesamanslåinga av Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sandøy til «nye Ålesund» i 2020. Samstundes blei Nordre Sunnmøre prosti slått saman med Austre Sunnmøre prosti, og prosten i Austre vart prost for det nye Nordre Sunnmøre prosti. Vi har også fått ny kyrkjeverje sidan sist visitas.

### **1.3. Gudstenester og kyrkjelege handlingar**

#### **Borgund**

Borgund kyrkje har ein unik posisjon i Ålesund. Mange kjänner tilknyting til denne kyrkja fordi ho tidlegare var kyrkje for eit stort omland. Borgund kyrkje har ei lang historie ettersom det har vore kyrkjer i Borgundgavlen heilt sidan middelalderen. Området i Borgundgavlen og kyrkjegarden er framleis eit levande og pulserande uttrykk for folket si kristne forankring og kulturelle identitet. Borgund kyrkje sin historiske, kulturelle og kristne posisjon kjem til uttrykk på fleire måtar. I det «daglege» kan ein sjå at mange fleire enn dei som bur i soknet føler at dei soknar til kyrkja. Området rundt kyrkja er mykje nytta til turgåing og til rekreasjon, både for gamle og unge. Ofte høyrer vi om fedre og mødre som er døypt, konfirmert, gift og gravlagt frå kyrkja eller om at eigne røter er identifisert gjennom gamle gravstøtter på kyrkjegarden. Denne forankringa fører til at mange fleire enn dei som bur i soknet ønsker dåp, vigsel og gravferd herifrå. Folkekirkjeforankringa kjem på denne måten sterkt til uttrykk i Borgund. Dei siste åra har også Borgund som knutepunkt på kystpilegrimsleia fått fokus og samarbeidet med Middelaldermuseet er styrka.

Tekstilkunstnar Åse Eriksen har laga fire nye vakre stolaer som vart tekne i bruk i 2018. Dei har rosemotiv inspirert av glasmåleria i kyrkja.

#### **Vigsler**

Borgund kyrkje er ei ettertrakta vigselkyrkje. Talet på vigsler varierer, og i pandemitida har det vore mange endringar av vigseldatoar. Kantorane og sokneprestane i Ellingsøy og Borgund samarbeider om ferieavviklinga. Vigslane er elles lagt til presten som har tenesteveke. Vi har halde fram frå 2011 med éin vigsselfri laurdag kvar månad i sommarsesongen. Prestar frå nabosoknet Spjelkavik har hatt éi vigselhelg pr. månad i høgsesongen. Berre ein liten prosent (under 20%) av vigslene høyrer til i samarbeidsområdet Borgund/Ellingsøy. Minst 1/3 kjem frå nabosoknet Spjelkavik, medan kring 1/3 er heimehøyrande utanfor prostiet. Vi ser at vigselsesongen også er arbeidskrevjande for kyrkjetenar og kantor. I 2020 strekte sesongen seg langt utover hausten pga. pandemien.

#### **Gravferd**

Talet på gravferder tilhøyrande soknet er stabilt. Sokneprestane i Borgund og Ellingsøy har tenesteturnus i begge dei to sokna anna kvar veke. Fleire som bur utanfor soknet ønskjer å nytte Borgund kyrkje til gravferd. Det er vanleg at presten frå det soknet avdøde budde i, har gravferda. Dette fører likevel til meir arbeid for lokal kantor og kyrkjetenar. Det viktig å poengtere at stillingsstorleikane og gjennomsnittstal på tenester er utrekna etter folketal i soknet. Særleg med tanke på kyrkjetenarressursar, kan alle gravferdene som kjem utanom sokns frå vere ei utfordring.

Parkeringsforholda er ei anna utfordring som særleg er krevjande ved store gravferder. Parkeringsplassen er liten og trong, og ved store gravferder trengst det trafikkdirigering. Utviding av parkeringsplassen er tatt opp med kyrkjeverja og kommunen ved førre visitas.

## Gudstenester og dåp

Forordning av gudstenester for Borgund fastsett av biskopen 24. november 2011:

Hovudgudst. Søn- og helgedagar:	58
Kvardagsgudstenester:	12
Ekstra hovudgudst. ved behov:	3

I pandemiåret 2020 vart 107 døypte i Borgund kyrkje, under halvparten av desse bur i Borgund sokn. Totalt var det 269 dåp i fellesrådet dvs. 40 % av totalen vart utført i Borgund.. Det var mange små dåpsgudstenester med berre 10 eller 20 tilstades etter dei til ei kvar tid gjeldande smittevernreglane.

Det var også ein del utsettingar av dåp i 2021, men dei fleste som var meldt til dåp er no døypte. Nokre få ventar framleis på at restriksjonane skal lette slik at familie frå utlandet kan kome i dåp. Ein har sidan sist visitas prøvd å avgrense talet på dåp av barn busett utanom soknet. Vi meiner det er viktig å skape band mellom dåpsfamilien og kyrkja der dei bur, slik at barnet kan seie «mi kyrkje» om lokalkyrkja og at det vert naturleg å delta på aktivitetar som babysang og ulike trusopplæringstiltak der. Nokre få gonger i året er det likevel slik at ein tillyser eigne dåps-gudstenester. Av omsyn til kyrkjelyden og for å få variasjon i gudstenestene er det ein gong i månaden gudsteneste utan dåp.

Som ei vidareføring av gudstenestereforma frå 2012 vart det etablert gudstenestegrupper som saman med gudstenesteleiar tek del i ein kreativ førebuingss prosess framfor 2-3 gudstenester pr. halvår. Det har vore eit mål i arbeidet med gudstenesta at orda *involverande, stadeigen og fleksibel* ikkje berre er honnørord, men at orda også gir retning og innhald til vidare gudstenestefornying. På det meste har 4 grupper vore aktive, i tillegg til gruppa som arbeider med gudstenesta 8. mars. I pandemitida stoppa dette arbeidet opp, men planen er å starte opp att med 2 gudstenestegrupper denne hausten.

Justert gudstenesteordning har det vore arbeidd med siste året i gudstenesteutvalet og i staben. Merknader frå 2012 vart følgde opp – og Borgundbøna vart bearbeidd. Det vart vedteke nytt bønesvar. Ordninga vart godkjent med nokre mindre språklege merknader og teken i bruk til pinse i 2021.

## Statistikk Borgund

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Hovedgudsteneste, sør/helged.	65	60	63	62	56	59	57	60	60	53
Hovedgudsteneste, snitt deltagarar	166	170	157	188	154	145	147	129	99	94
Nattverd, snitt delt.	43	53	42	59	48	46	59	45	41	38
Dåp	91	98	102	91	86	98	102	105	103	108
Dåp, busett i soknet	40	43	43	31	35	49		40	41	
Konfirmasjon	76	68	88	82	89	90	66	62	77	76
Gravferder tot								60		65
Gravferd, busett i soknet	45	57	45	44	60	44	44	36	43	41
Vigslar, totalt	36	43	50	31	46	39	42	24	30	26
Vigslar, busett i soknet			11	5	10	8	8	5	4	

## Ellingsøy

Ellingsøy kyrkje er ei relativt ny arbeidskyrkje. Mykje takka vere stor givarglede og dugnadsinnsats stod kyrkja ferdig i 1998. Fram til 1. januar 1998 høyrte Ellingsøy til Borgund sokn. På dei store høgtidsdagane som julafstan og konfirmasjon er kyrkja fullsett, og det er etter kvart mange som døyper sine born her. Det er gudsteneste annakvar søndag, og om sommaren 3. kvar søndag. Kyrkja har ein god dialog med Årseth bedehus, som har sine søndagsmøter på dagar der kyrkja ikkje har gudsteneste.

Mange av gudstenestene ber preg av tilrettelegging for barn og unge. Det er t.d. hausttakkefest i samarbeid med dei tre barnehagane på øya, bibelutdeling til 5. klasse, 4-årsbok, Tårnagenthelg og LysVaken-gudsteneste. Barnehagen i kyrkja har i fleire år hatt 1. søndag i advent som sin store dag med sitt tradisjonelle julespel. Dei siste åra har det vorte tradisjon med konfirmasjonsgudsteneste siste laurdag i april. Dei to siste åra har konfirmasjonsgudstenestene vorte utsett til hausten grunna pandemien.

Den første ordinasjonen vart halden i Ellingsøy kyrkje i september 2020, då Ida Marie Weltzien vart innsett i tenesta og ordinert same dag. Det var ein festdag med stor deltaking frå kyrkjelyden.

Revisjon av gudstenesteordninga har medført mykje meir arbeid for den nye soknepresten, soknerådet og gudstenesteutvalet. Det tok lang tid å få svar frå prosten slik at ein kunne ta i bruk revidert ordning.

Under gudstenestene har det ein periode vore søndagsskule, men dette har stansa opp m.a. grunna mangel på leiarar. Pr. i dag er det seks faste klokkarar/medliturgar som tek stort ansvar og gjer god teneste. Medlemmer frå soknerådet rullerer på å vere kyrkevert. Videoprojektor blir nytta på gudstenestene til liturgi og salmar. Dette hjelper frivillige til med. Konfirmantane deltek som ministrantar på gudstenestene gjennom konfirmantåret. I pandemitida vart det kjøpt inn utstyr til strøyming av gudstenester som nokre frivillige har engasjert seg i. For å kunne utvikle arbeidet med strøyming av gudstenestene trengs det fleire frivillige medverkande.

Det er kjøpt inn barnelysglobe som vert nytta ved dåp og trusopplæring. Vi ser at denne også vert nytta under nattverdsfeiring i gudstenesta.

### Vigsel

Ellingsøy kyrkje har ein til to vigslar i året. Fleire som bur i soknet vel å gifte seg i Borgund kyrkje.

### Gravferd

Folket på øya er tett knytt til kvarandre som lokalsamfunn. Det betyr også at mange utover familie og slekt kjenner seg berørte ved dødsfall. Kyrkjelydssalen i sokkelen vert mykje nytta til minnesamvær. Denne våren og sommaren har det vore stengt oppe i kyrkjerommet pga. renovering av takvindauga. Då vart kyrkjelydssalen nytta som gudstenesterom, det vart òg halde éi gravferd der i denne perioda.

### Gudstenester og dåp

Forordning av gudstenester for Ellingsøy fastsett av biskopen 24. november 2011:

Hovudgudst. Søn- og helgedagar:	32
Kvardagsgudstenester:	6
Ekstra hovudgudst. ved behov:	2

Talet på dåp har dei siste to åra gått ned, men i 2021 har det vore auka pågang. Nokre reiser heim dit dei kjem frå. Dette kan skuldast at det er mange nyinnflytta og det er ikkje uvanleg at ein ved dåp søker tilbake til der ein har røtene sine. Det blir gjennomført dåpssamtale med kvar familie, og i aukande grad felles dåpssamtalar. Dåpsfamiliane får invitasjon til babysong.

### Statistikk Ellingsøy

	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Gudstenester i alt	37	42	39	40	40	44	42	42	40
Søn-helgedagar	25	32	29	30	29	30	32	33	32
Familiegudst.	7	8	8	8	7	5	6	5	3
Deltakarar i alt	1550	3827/ 91	4021/ 103	4306/ 107	4643 / 116	4326 / 98	4931 / 117	5281 / 125	4632 / 116
Nattverd-deltakarar/snitt	282/ 12	803/ 30	679/ 23	680/ 28	840/ 33	675 / 29	650 / 27	756 / 34	713 / 35
Dåp i kyrkja	8	14	23	20/8/ 13	19	21	28	35	22
Døypte busett på Ellingsøya	14	19	25	25	19 (4/4)	26	34	36	28
Konfirmerte	29	31	25	29	27	25	33	31	25
Vigsel	0	0	1	1	0	0	1	2	1
Forbønshandling for borgarleg inngått ekteskap (ny)	1	-	-	-	-	-	-	-	-
Gravferd	10	17	11	11	15	8	10	16	12
Innmelde i DNK	2	0	0	0	2	2	0	2	0
Utmelde av DNK	0	8	3	3	4	8	3	4	1

## **1.4. Vedteke planarbeid**

Trusopplæring (2011) – Ellingsøy: skal reviderast – Borgund: under revisjon  
Diakoni-plan (2021) – begge sokn  
Kyrkjemusikalsk plan Borgund 2017 og Ellingsøy 2021.

## **2.0 FORVENTA UTVIKLING I SOKNA**

Pr. 1.1.2021 har vi som kyrkje ikkje lengre høve til å sende ut tilbod om dåp til nyfødde. Dette gir nokre nye utfordringar med tanke på korleis vi inviterer til dåp og trusopplæring. Vi erfarer at dåpssamtale/-samling er eit viktig møtepunkt mellom kyrkja og familiar i sokna. Dette blir no ein enda viktigare arena for å informere om og invitere til ulike tilbod i kyrkja.

Når det gjeld trusopplæringsaktivitetar i sokna har det vore varierande deltaking over dei siste åra. Utdeling av 4-årsbok er av dei som har støyrst oppslutning. På desse gudstenestene kjem gjerne besteforeldre i tillegg til foreldre og søsken. Oppslutninga går noko ned når barna kjem over i skulealder. Særleg har vi merka dette i samband med LysVaken-arrangement. Grunnen til dette kan kanskje vere at trusopplæringa blir oppfatta som eit tilbod på lik linje med andre fritidstilbod, eller at det er kollisjonar med andre aktivitetar og arrangement. Vi ser også at mange familiar har hytte eller er på reise i helgane. Dei tilbakemeldingar vi får frå dei som er med på tiltaka er svært gode.

Konfirmasjonstala i begge sokna er stabile. Her kunne ein kanskje tru at særleg Borgund som ein del av eit byområde ville få mindre oppslutning, men slik er det ikkje og det er vi takksame for. Tilbodet vi har til konfirmantar har godt ord på seg, og det er stabilitet i leiinga av arbeidet.

Busetjingsmønsteret endrar seg. Mange av dei som «alltid» har budd i Borgund, sel husa sine når dei når pensjonsalder og flyttar til meir lettvinde husvære i m.a. Moa-området. Dette medfører for mange eit byte av kyrkjelyd. På Ellingsøy er ikkje dette like vanleg. Der ser vi no ei endring i alderssamsetning grunna utbygging og tilflytting. Det vert bygd ut fleire plassar, særleg vest på øya. Dette gir kyrkja ein stadig meir sentral plassering, og eit aukande behov for fleire tilbod til barn, barnefamiliar og unge vaksne.

Ein trend vi ser blant godt vaksne og pensjonistar i dag, er at dei er meir mobile enn før og dei reiser meir enn tidlegare. Dermed er det ikkje like lett å forplikte seg fast til arbeid og oppgåver i kyrkja. Mange er også aktive i ulike foreiningar og lag – og dermed er behovet for treff på dagtid ikkje så stort som det var før.

For Ellingsøy sitt vedkomande vil truleg folketalet halde fram med å auke dei komande åra. Større bustadfelt er under oppføring og fleire blir det truleg framover. Øya har i stor grad landleg preg, men vi kan sjå tendensar til at ytre del av øya endrar karakter mot det meir urbane. I Borgund er det først og fremst fortetting av eksisterande bustadfelt som vil vere med og auke folketalet, men vi ser også at samansettinga aldersmessig endrar seg fordi fleire eldre flyttar frå hus til leiligheter i andre sokn, og barnefamiliar flyttar inn.

## **3.0 KYRKJELYDSUTVIKLING**

### **3.1. Gudstenestearbeid – lokale grunnordningar**

Begge sokna har arbeidd med å revidere gudstenesteordninga. Gudstenesteutval, sokneråd og stab har vore involverte i arbeidet. Ellingsøy har valt å endre ein del på melodivala, samt tekst på enkelte ledd, og Borgund har arbeidt vidare med Borgund-bøna, samt å byte melodi og tekst på bønesvara.

Det har vore ein krevjande prosess å gjere dette i pandemitida, då ein ikkje kunne møtast fysisk, og heller ikkje prøve ut nye forslag saman med kyrkjelydane.

## 3.2. Kyrkjemusikalsk arbeid

### **Ellingsøy sokn**

Ellingsøy kyrkjekor har 8 medlemmer. Koret øver på onsdagar i Ellingsøy kyrkje, og har i periodar felles-øvingar med Borgund kyrkjekor. Kora bytter da på å vere vertskap for øvingane. Kyrkjekoret deltek på enkelte gudstenester, arrangerer eigne konserter, salmekveldar og samarbeider med andre kor. Siste åra har samarbeidet oftaast vore med Borgund kyrkjekor. Koret feira 20 års drift med kortur til Litauen, som er heimlandet til ein av medlemane i 2018. Eit barnekor har vore drive fram til 2020 i SFO-tida av Bjørg Hadland Slotsvik. Dei har vore med på enkelte gudstenester.

Det har vore samarbeid med Ellingsøy Hornmusikk og Ellingsøy skulekorps juniorband. Musikkorpса og enkeltpersonar frå korpsa har delteke på gudstenester. Ellingsøy hornmusikk har vore fast medarrangør av julenattinéen, som har vore like før jul sidan kyrkja var ny. Det har vorte tradisjon at skulekorpset spelar på 17. mai på kransnedlegginga ved bautaen nedanfor kyrkja. Skulekorpset har dei siste åra også delteke på julegrantenninga utanfor kyrkja 1. søndag i advent.

Våren 2021 vart ny kyrkjemusikalsk plan vedteken og eit nytt kyrkjemusikkutval etablert. Eit spanande arbeid med å utvikle det musikalske uttrykket og tilbodet i kyrkja og på gudstenester er no starta.

### **Borgund sokn**

Borgund sokn har i lang tid lagt stor vekt på å drive korarbeid for ulike aldersgrupper. Desse kora/musikkgruppene er i drift i dag: Babysong, Knøttesang (2-5 år), SyngSang (5-8 år), Ministrantkoret (ungdomsskulealder no), Allsing tensing (> 14 år) og Kyrkjekoret. Fleire av kora deltek regelmessig ved gudstenester. SyngSang og KidZing har delteke på familiegudstenester og på Borgundmessia. Ministrantkoret er ei lita gruppe som no er blitt ungdommar. Dei har forsongarteneste og syng på gudstenester, dei deltek også på korsamlingar i regi av Ung Kirkesang. Av dei større satsingane når det gjeld musikk i gudstenestene vil vi nemne Julespelet, med SyngSang, Ministrantkoret, foreldrekor og orkester. Dette blir framført kvart år på julaftan (bortsett frå 2020). Spelet er komponert av Sten Even Holstad og det har blir skrive ny musikk til spelet kvart 3 år. Det har også blitt ein tradisjon at kora feirar påskefestgudsteneste i lag med kyrkjelyden 2. søndag i påske.

Det er ei utfordring å halde oppe aktiviteten i Kyrkjekoret på grunn av lavt medlemstal. Men ein ser at koret er viktig for det enkelte medlem, gudstenesteliv og kyrkjelyden. Kyrkjekoret har jamleg samarbeid med dei andre kyrkjekora i kommunen, særleg med Ellingsøy kyrkjekor dei siste åra.

Kulturutvalet vil inspirere til, planlegge og gjennomføre arrangement og andre tiltak av kulturell og kyrkjelydig karakter. I 2020 såg eit nytt tiltak dagens lys i samband med Helgemesse: Kunstudstilling i kyrkja. Monica Solbjørg stilte ut måleri under overskrifta «Tap, livsmot og håp». Ho og Marit Kaldhol deltok med livsforteljing og opplesing under open kyrkje, og det var song ved Monica og orgelmusikk.

Hovudorgelet i Borgund kyrkje er i god stand etter oppgradering i 2019. Det var montert setzersystem og fleire kamera nede i kyrkja slik at kantor lettare kan ha oversikt over det som skjer i kyrkjerommet.

Til vanleg har vi ein del samarbeid med lokale kor på gudstenester, og Hatlane skulekorps spelar fast på gudsteneste 2. søndag i advent. Hittil i pandemitida har det ikkje vore kor eller korps med på gudstenester.

Når det gjeld større konsertprosjekt ønskjer Borgund å fokusere på pasjonstida. I Ålesundsområdet er det lite musikktildi i denne kyrkjeårstida, og Borgund har hatt god tradisjon for framføring av pasjonsmusikk. I 2020 vart ein av dei planlagde konsertane filma i Volsdalen kyrkje og lagt ut på nett. Dei andre vart utsette til 2022.

Sommerkonsertane som har vore eit felles tiltak i gamle Ålesund kommune, vart til Ålesund internasjonale kirkemusikkfestival med konsertar heile året frå kommunen og fellesrådet vart utvida. I pandemitida vart det stopp i konsertane, men vi vonar det kjem i gang igjen.

### 3.3 Diakoni

Diakoniplanen i begge sokna vart revidert i januar 2021. Ny nasjonal plan vart brukt som mal for revisjonen. Planen er inndelt etter dei fire diakonale områda:

- Nestekjærleik
- Vern om skaparverket
- Opne fellesskap
- Kamp for rettferd

Diakonen er tilsett med 25 % av stillinga på Ellingsøy og 75 % i Borgund. Diakonen har ansvar for treff som er éin onsdagsformiddag i månaden i Borgund og éin onsdagsettermiddag på Ellingsøy. Treffa har eit tema kvar gong, andakt, song, utloddning, mat, m.m.

I august er det til vanleg tilbod om dagstur med buss for dei som går på treff og andre i kyrkjelydane. Turen har siste åra vore felles for Borgund og Ellingsøy. Det har vore kjekke turar til Giske og Alnes (2018) og til Romsdalsmuseet på Molde og Røbekk kyrkje (2019). Siste to åra kunne ein ikkje arrangere tur pga. pandemien.

Diakonen organiserer til vanleg kyrkjekaffi i begge sokn saman med frivillige. I pandemitida har kyrkjekaffien vore sakna. Det er ein sosial treffstad som betyr mykje for mange.

Besöksteneste og sjelersorg er også viktige diakonale oppgåver. I tillegg til prestane og diakonen, er frivillige med og går på besøk til folk i kyrkjelyden. Det vert tilbydt samtalar i heimen, på institusjon, i kyrkjene og på menighetshuset. I pandemitida har det for det meste vore telefonkontakt, men også e-post og kort har vore sende. Under open kyrkje, som har vore eitt av våre tilbod under pandemien, har det også vore mange kortare og lengre samtalar. Nokre kjem til samtale i lang tid, andre har behov for samtale i ei kortare periode.

I mange år har det om sommaren vore open kyrkje i Borgund. Diakonen har organisert dette med frivillige og tilsette som vakter. Det er onsdag ettermiddag kl. 16-18, og søndag kl. 11-14 med morgenbøn når det ikkje er gudsteneste. I samband med kystpilegrimsarbeidet har dette arbeidet vorte utvida. Ungdommar har hatt open kyrkje tirs-, tors- og fredag. Onsdag har det vore pilegrimsgudsteneste kl. 17 i år. Diakonen har vore sentral i utarbeidings og gjennomføringa av pilegrimsgudstenester saman med prestane, og har også teke i mot pilegrimsgrupper.

Andakter på institusjonar vert haldne regelmessig. 2 gonger i halvåret er det nattverdsgudstenester på institusjonane i Borgund. På Ellingsøy er det nattverdsgudsteneste 6 gonger for året på Fredheim. Det har vore andakter når nattverd ikkje har kunne bli gjennomført pga pandemien. Diakon, prest og kantor er med. Det er Hatlane omsorgssenter, Sanitetshjemmet, Bogundheimen og Fredheim på

Ellingsøy som får dette tilbodet. Det hender også at enkeltpersonar ynskjer nattverd eller samtale på desse stadane.

Kyrkjeringar har vore i arbeid i begge sokna, og dei har vore engasjert med basar og andre tiltak bortsett frå siste 1,5 året. Dette har vore viktige sosiale arenaer som er sakna og vi håper å kome i gang igjen med dette etter kvart. Kyrkjeringane har vore med i omsorgsarbeidet både overfor kvarandre, men også overfor naboor og andre som har trengt kontakt i denne tida når mange har kjent seg einsame.

Forbønstenesta er eit diakonalt ansvar. Diakonen har hatt eigne forbønsgudstenester og ho har teke forbøna opp i gudstenester der ho har hatt eit spesielt ansvar som 8. mars og på Regnbuemesse. Diakonen ordnar med kyrkjevertar, medliturger og gudstenestegrupper i Borgund, og er også sjølv medliturg på gudsteneste regelmessig.

Digital diakoni: Kommunikasjon med kyrkjelydane gjennom webside og sosiale media har blitt viktig siste tida. Kari Kvangersnes Miller har hjelpt oss med korte andakter til søndagar og kyrkjeårsdagar. I tillegg har stabsmedlemmer laga andakter til å legge ut på heimesida td. om berekraftsmåla, og vi har forsøkt å oppdatere Facebook-sidene våre med arrangement og ting som skjer.

Kamp for rettferd og miljøengasjementet har vore viktige saker for kyrkja og for oss, og vi har samarbeidt med andre om temadagar og kveldsmøte for eksempel Kirkens bymisjon, Borgund og Spjelkavik kyrkjeakademi, Himalpartner, NMS, Kirkens SOS (jubileumsgudsteneste Borgund 2019). Vi håper å kome i gang med miljøseminar og -gudstenester igjen komande år. Miljø og klima har vore tema på gudstenester – særleg for barn og unge.

### **3.4. Undervisningsarbeid, trusopplæring og barnehage/skule/kyrkje-samarbeid**

#### **Trusopplæring 0-18 år**

Menighetspedagogstillinga med ansvar for trusopplæringa 0-15 år er delt med 75% stilling i Borgund og 25% stilling i Ellingsøy sokn. I tillegg til trusopplæringsarbeidet er menighetspedagogen med og driv barnekoret SyngSang som øver kvar tysdag.

Vi har eit godt samarbeid i Borgund med Larsgården KFUK-M-speidarar, og har siste åra arrangert felles speidar- og tårnagentgudsteneste. Speidargruppa på Ellingsøy har delteke ved fleire utandørs gudstenester. Vi håper at vi også på Ellingsøy kan få til ei årleg speidargudsteneste.

Menighetspedagogen driv babysong på Ellingsøy på tirsdager og i Borgund på torsdager. Ho lagar til mapper for dåpssamling i Borgund, samt arrangerer undretur og 4-årsbokutdeling. Ho har også ansvar for trusopplæringstilboda i Borgund for Barneskulealder: 6-årsfest, Levande vatn, Gøyemeleite-, Tårnagenthelg og LysVaken. I tillegg er ho leiar for Knøttesang annakvar torsdag som er ei vidareføring av babysang på menighetshuset. På Ellingsøy er det undretur og utdeling av 4-årsbok, tårnagent, kyrkjeleir, Lys Vaken og utdeling av NT til 5. klassingar..

Ungdomspresten, som har den same prosentfordelinga som menighetspedagogen, arbeider med konfirmantar, unge etter konfirmasjon og har ansvar for samarbeidet med barnehage/skule. For ungdom har vi tilbod om Minileiarkurs (MILK) for begge kyrkjelydane, og ungdomspresten leier også arbeidet med tensingkoret Allsing. Det siste halvåret har det vore eit samarbeid med den nyetablerte organisasjonen Ung i livet.

## **Konfirmantarbeid**

I Borgund er det årlege kull på 60-80 konfirmantar. På Ellingsøy ligg talet rundt 30 konfirmantar. I begge sokn er det innarbeidd eit opplegg der konfirmantane kan velje mellom forskjellige undervisningsgrupper.

På Ellingsøy er det tilbod om vanleg konfirmanttime og friluftsundervisning. I Borgund står valet mellom friluftsundervisning, Sporty og Global-konfirmant.

I tillegg hører til i konfirmantåret fellesarrangement som konfirmantlaurdagar (haust og vår), konfirmantleir, deltaking i gudsteneste med ministrantoppgåver, nattcup, tenesteoppgåver på trusopplæringsaktivitetar og Kikens nødhjelp sin fasteaksjon.

Ungdomspresten har det administrative hovudansvaret begge plassar. I begge kyrkjelydane er heile staben involvert i ein del fellesarrangement.

Dei to siste åra har konfirmasjonen vorte utsett frå mai til august/september, og vi har hatt fleire mindre konfirmasjonsgudstenester pga. Covid-restriksjonane. Likevel har det vore høgtid og foreldra har gitt gode tilbakemeldingar. Ein konfirmant-far uttrykte det slik: «Vi setter veldig pris på arbeidet dere gjør og tryggheten med å vite at dere er der.»

## **Borgund menighetsbarnehage**

Personalet består av styrar i 100 %, pedagogisk personale, assistenter og reinhaldar.. Barnegruppa består av 27 barn i alderen 1-6 år.

Samarbeidsutvalet består at to representantar frå soknerådet, éin frå personalgruppa, styrar og to frå foreldregruppa.

Barnehagen har eigen leikeplass ute, brukar «lilleskogen» mellom menighetshuset og prestegarden, fjøra, området i Borgundgavlen og på dyrekubben. Leikeplassen blei fornøya i 2019.

Barnehagen deltek i fleire gudstenester i Borgund kyrkje. I tillegg har barnehagen hatt familiemiddag i samband med Borgundmessa og delteke på menighetens dag. Det er bibelsamling ved ein kyrkjeleg tilsett kvar veke for dei eldste i barnehagen. Barnehagen deltek også på jule- og påskevandring og pinsefeiring i kyrkja.

Satsingsområde er natur og friluftsliv. Aktivitetane i barnehagen er tilpassa årstidene, og ein tek utgangspunkt i bruk av ressursar i naturen når ein har aktivitetar både ute og inne. Barnegruppa er delt ut i frå alder, og dei eldste har ei utegruppe med fast base i peisestova og «lilleskogen».

Barnehagen gjennomfører årleg ein innsamlingsaksjon til Forut, og barna sin julekalender er ei gave til barn i Ukraina gjennom organisasjonen Hope of Mercy.

## **Samarbeid barnehage/skule/kyrkje**

I tillegg til at vi samarbeider tett med menighetsbarnehagen i Borgund, tilbyr vi julevandring til dei eldste i barnhagane i soknet, og til påske er det tilbod om påskevandring for 2. klassetrinn og menighetsbarnehagen. Vi tilbyr også pinsefest for barnehagane med feiring av kyrkja sin fødselsdag før pinse. Skulane brukar å delta på julegudsteneste, der kvar skule har ein tradisjon for å øve inn program og delta i gudstenesta med julespel eller anna. Steinerskulen var den einaste som deltok i 2020 pga. smittevernreglane som tillet kun 50 tilhøyrarar i kyrkja då. Elles brukar Hatlane skule å delta med kor frå 6. klasse kvart år, og Larsgården skole har eit fast klassetrinn som er aktivt med. Ålesund internasjonale skule har vore i kyrkja på omvising. Siste åra har Kolvikbakken

ungdomsskule halde til i lokale i Borgund, og Volsdalen menighet har då lånt kyrkja til si skulegudsteneste.

Vi har fått spørsmål frå Ellingsøy barnehage om å utarbeide påskevandring for barnehagebarn, men pga pandemien er dette utsett. På Ellingsøy er det Vik og Stokke skule vi samarbeider med, samt Ellingsøy barne- og ungdomsskule. På Ellingsøy vart det jula 2020 filma ei kort julegudsteneste med tensing-ungdommar som vart sendt til skulane i sokna som ei erstatning for skulegudsteneste som ikkje lot seg gjennomføre.

### **Undervisning for vaksne**

Dei siste åra har diakon og sokneprest hatt bibelsamlingar for vaksne i Borgund under tittel «Open bibel». Det starta i fastetida for 3 år sidan med tema om dei 4 evangelia. Fleire ynskte at vi fortsette med dette, så hausten etter fortsette vi vidare i NT. Desse samlingane har i pandemitida blitt etterlyst, og planen er å kome i gang igjen i haust. Kyrkjelyden på Ellingsøy har også fått invitasjon til samlingane.

Det har også vore andre temakveldar med open invitasjon til resten av fellesrådet i Borgund mellom anna om sorg og sorgreaksjonar.

### **3.5. Misjons- og evangeliseringstiltak**

Borgund sitt misjonsprosjekt har i mange år vore næringsutvikling på den tibetanske høgsletta gjennom Himalpartner. Misjonskontakten har vore engasjert i dette arbeidet, og fleire i kyrkjelyden er også engasjert i Himalaya Møre. I 2018 var det kyrkjelydstur til Vest-Kina og dei tibetanske områda arrangert av Himalpartner. Soknepresten og fleire frå kyrkjelyden var med i ei gruppe på 12 som besøkte kontaktpersonen Tsultrim. Han har arbeidt med produkt av yakull for sal – for å skape arbeidsplassar blant kvinner. Himalaya Møre har gjennom kyrkjelydens samlingar hatt stand med sal av ullprodukt og andre varer frå Himalaya, og det har årleg vore ei misjonsgudsteneste der dette arbeidet og situasjonen i Nepal og i dei tibetanske områda har hatt fokus.

På Ellingsøy har det vore skifte av misjonsprosjekt, og ei har no ein samarbeidsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS). Kyrkjelyden gir no sin støtte til SAT7 i Midt-Austen, ein TV-kanal som sender TV-program på dei tre språka som vert brukt i området. Ein støttar bokhandlar som sel Biblar og kristen litteratur, hjelper kristne som blir forfølgde og gjennom senteret Anafora hjelper ein kvinner som er utsette for vold. På kyrkjeleiren for 5-7. klassetrinn vert det arrangert misjonsmarknad til inntekt for prosjektet. Det er også oppretta kontakt med NMSU (ungdomsorganisasjonen til NMS) det siste året for å få til eit tettare samarbeid.

### **3.6 Samfunnsengasjement**

Vårt samfunnsengasjement har fleire sider. Det handlar om klima og miljø, menneskerettar, barn og unge sitt oppvekstmiljø - men også meir konkrete og jordnære utfordringar som for eksempel trafikkforholda i Borgund. Vegen frå kyrkja til hovudvegen er frå ei heilt anna tid. Den er smal og krysset opp til hovudvegen er farleg. Dagleg kører barnehageforeldre her, og det er svært uoversiktleg når ein skal inn på hovudvegen. Dette har vore tema under tidlegare visitasar og blei aktualisert sist romjul då vi gjennom avisene vart kjend med at eigarane av det gamle kommunehuset som no er hybelhus for studentar, vil bygge det ut. Barnehageforeldre og soknepresten stilte opp til avisa, og vi har bede driftsleiar følgje opp saka overfor kommunen. Det må gjerast noko med dette krysset, og vegen i bakken opp til det før det skjer ei alvorleg ulykke. Styrar i barnehagen og SU har sendt mail til kommunen utan å få svar.

## **Lokal økumenikk og lokalt samarbeid**

På Ellingsøy er det stor aktivitet på Årset bedehus for ulike aldrar. Mange finn det naturleg å delta både i kyrkja og på bedehuset. Ein freistar å samordne arrangement for å unngå kollisjonar, i alle fall når det gjeld søndag formiddag.

Pinsemenigheten Sion held til på Kvervesenteret. Forholdet mellom Sion og kyrkja er bra, med kvar sitt sjølvstendige virke. Sion har også eit verdfullt arbeid retta mot innvandrarar.

Borgund kyrkje har Vår Frue Katolske kyrkje innan sine grenser. Den dekker Sunnmøre og har opplevd ein vesentleg auke i medlemstalet siste åra på grunn av arbeidsinnvandring. Kontakt med nye prestar er etablert, og tilhøvet mellom kyrkjene kan utviklast vidare i tillegg til olsokfeiringa. Den katolske kyrkja leiger Borgund kyrkje ved særskilde høve når deira eiga kyrkje vert for lita.

Den nordisk katolske kyrkja har også sitt kyrkjehus innan Borgund sokn sine grenser, i det gamle søndagsskulehuset i Hatlane. Presten derifrå medverkar på olsok-gudstenesta.

**Glød** var namnet på eit felles kyrkjelydane i tidlegare Ålesund kommune. Bladet inneheldt både informasjon, undervisning og reportasjar. Det kom ut med første nummer i 2013, men vart lagt ned etter nokre år på grunn av utfordringar med å få økonomien til å gå rundt. Fleire har etterlyst Borgundbladet siste åra, men ein har ikkje hatt ressursar til å få det i gang igjen.

## **3.7. Borgund: Knutepunkt på kystpilegrimsleia**

Borgund vart i 2018 knutepunkt på kystpilegrimsleia. Soknepresten i Borgund hadde før dette i fleire år vore med i ei felles arbeidsgruppe med ein kommunal tilsett, ein frå VisitÅlesund og ein representant frå Sunnmøre Museum (Middelaldermuseet). I 2018 tok vi imot seilasen med skuta Risør 2 på veg langs den nyopna leia. Dei var på veg til Nidaros, og vi fekk fleire oppgåver i samband med dette. Diakonen laga ei vandring for mannskapet, det vart laga ei pilegrimsgudsteneste med nattverd og ei pilegrimsbøn inspirert av Borgundbøna. Arbeidsgruppa heldt fram med sitt arbeid og arbeidde lenge med merking av ein sti frå sentrum til Borgund. Denne var ferdig merka sommaren 2020 og vart opna av ordføraren under syningsferda som gjekk frå Herøy til Nidaros det året. Etter dette har det vore fleire vandringer langs stien med ulike opplegg for konfirmantar og vaksne. Sommaren 2021 vart det også sett opp pilegrimspostar rundt kyrkja og vi fekk midlar til å leige inn ungdommar som hadde open kyrkje 3 dagar i veka i skuleferien. Det har også blitt tradisjon med ei sesongopningsgudsteneste med foredrag og kyrkjakaffi på Middelaldermuseet siste åra, og kvar onsdag har det vore pilegrimsgudstenste. Etter nokre av desse gudstenestene har det vore foredrag frå enkeltpersonar som har vore på ulike pilegrimsvandringar i inn- og utland. Det er også laga ei pilegrimsbrosjyre på norsk og engelsk om Borgund, og den skal også omsettast til tysk.

## **3.8 Utfordringar for kyrkjelydane framover**

### **Alderssamansetjinga i befolkninga**

På Ellingsøya har befolkninga og medlemstalet til kyrkja auka, og dette var venta ved førre visitas. Ein tok då til orde for å vurdere ressursfordelinga mellom dei to kyrkjelydane innan 10 år. Det er no gått 8 år, og det er tid for å vurdere om dei som har prosentstillingar på 25/75 % burde bruke meir tid på Ellingsøy.

### **Konsekvensar for kommune, fellesråd og sokneråd**

Som tidlegare nemnt er det eit stort trykk på kyrkjelege tenester, særleg i Borgund – men også aukande tal på dåp i Ellingsøy. Dette fører til at det er auka trykk på kyrkjetenarteneste. Særleg i

periodar med vakansar og sjukdom greier ein ikkje greier å halde kyrkjehusa i orden inne og ute slik ein burde. Særleg er sommartida utfordrande med ferieavvikling.

### **Diakonale utfordringar for ungdom**

Siste året har vi i større grad enn før blitt merksame på utfordingane mellom ungdom, særleg dei som strevar psykisk. Men vi merkar også at det i enkelte ungdomsmiljø er ein tøffare omgangstone enn før. Negative kommentarar, mobbing og utesetjing er tøft for eit ung menneske som strevar med å passe inn i flokken. Som kyrkje ønsker vi å vere ein motkultur til dette, også å vere vaksne som har tid til å snakke med unge og hjelpe dei til å få fagleg hjelp. Dette siste viser seg å vere ei stor utfordring, då det er lange køar i hjelpesystemet. Organisasjonen Ung i livet har blitt stifta på denne bakgrunn og ungdomspresten samarbeider med dei.

Ålesund kommune og Ålesund kyrkjelege fellesråd har felles grenser no. Dette førte til eit større fellesråd med fleire kyrkjer og sokne etter kommunesamslåinga. I Borgund og Ellingsøy merkar vi til dagleg ikkje så mykje av dette, men vi merkar det på strammare økonomi og i styringsorgana våre. Presteressursen vart også skoren ned med 0.2 årsverk då bispedømmet måtte redusere drifta for nokre år sidan – dette betyr at Ellingsøypresten og Borgundpresten må vere vikar for kvarandre i frihelgar og feriar. Ved særskilde høve kan vi be prosten om vikar, og om sommaren ber vi også om at naboprestane i Spjelkavik tek ein vigselslaurdag i månaden for å avlaste oss då mange brudepar kjem nettopp derifrå.

### **Gudstenestelivet**

Involvering (med ulike aldersgrupper representert)

Rekruttere til konkret teneste som klokkarar/medliturgar, kyrkjevert, kyrkjekaffi-vertskap

### **Kyrkjemusikalisk verksemد.**

Kantorressursen må oppretthaldast. Oppdragsgivarane for kantorene er mange, t.d. stabane, kor/korps, brudepar, gravferdsbyrå/pårørande, gudstenesteutval, kulturutval. Det krevst godt samarbeid med arbeidsgivar for å skape gode rammer som både kan inspirere og ta vare på arbeidstidsordningane

### **Andre utfordringar:**

Stabane i dei to sokna samarbeider tett og godt. I 2016-17 var Tore Byfuglien i KA engasjert med eit stabsutviklingskurs. Staben ønskte å effektivisere stabsmøta. Møtestukturen vart endra og det er no færre møter med heile staben og heller små fagmøte etter behov.

I perioden har det vore 2 stabsturar, ein til Tyskland i Luthers fotspor og ein til Roma i Paulus og Luthers fotspor. Dette har vore inspirerande og fellesskapsbyggande, og gitt energi til å stå i dei utfordringar som har kome.

## **4.0 PERSONALRESSURSAR**

### **4.1. Bispedømmerådstilsette**

<b>Borgund</b>	<b>Ellingsøy</b>
Sokneprest	100 %

### **4.2. Fellesrådsstillingar**

<b>Borgund</b>	<b>Ellingsøy</b>
Dagleg leiar	60 %
Kantor	100 %
Diakon	75 %
Ungdomsprest/kateket	75 %
Dagleg leiar	20 % (+20% midlertidig)
Kantor	50 %
Diakon	25 %
Ungdomsprest/kateket	25 %

Menighetspedagog	75 %	Menighetspedagog	25 %
Kyrkjetenar	100 %	Kyrkjetenar	50 %

Reinhold begge stader er ivareteke av reingjeringsbyrå.

#### 4.3. Stillingsbehov

Slik situasjonen med kommunal økonomi er no, er det viktigaste å behalde dei stillingsstorleikar vi har for fellesrådstilsette. I og med at vi har 40 % av dåpsbarna i fellesrådet, mange gravferder frå andre sokn og mange bryllaup seier det seg sjølv at arbeidstrykket er stort også for prestane. Ved framtidige stillingsjusteringar i bispedømmet bør det takast omsyn til dette.

## 5.0. ØKONOMI

Økonomien i sokna har vore bra, men pandemien har gjort at vi har langt mindre inntekter frå både kyrkjeoffer og utleige. Det må i framtida arbeidast med å styrke inntektene for eksempel i form av auka gjevarteneste.

Økonomien i fellesrådet har blitt strammare siste året særleg. Dersom dei varsla nedskjeringane i kommunen blir gjennomførte, vil dette få konsekvensar også for våre sokn.

## 6.0. BYGG OG ANLEGG

#### 6.1. Borgund kyrkje

Borgund kyrkje er ei gamal og vakker krosskyrkje. Kyrkjerommet er langt med benkerader, noko som skapar avstand i kyrkjelyden og gir utfordringar med tanke på formidling. Vinteren 2018 vart kyrkja kalka innvendig og framstår i god stand. Nytt system for varmestyring er under planlegging.

Det er sett opp to videoprosjektorar i kyrkja, slik at vi kan vise tekst og bilde på frontveggen på begge sider av alteret. Ein kan også vise korte filmar i samband med gudstenester og temsamlingar. Det er særleg ved gudstenester med barn og i konfirmantarbeidet dette vert brukt. Kyrkja har eit godt lydanlegg som tener rommet på ein god måte, både til gudstenestebruk, men også til bruk for kor og til enkel instrumentering. Vi opplever likevel innimellom utfordringar både med lyd og teleslyng.

Tidlegare sokneråd har hatt ein plan om å fjerne tre benkerader under galleriet mot vest. Benkane vil ein erstatte med stolar og små bord, til bruk for mindre møter, kyrkjekaffi og andre arrangement. Dette prosjektet er utsett til ein har fått ny oppvarming av kyrkjerommet. Det er plan om at jordvarme etterkvart skal erstatte dei gamle varmerøra som har høg varme og er lett å kome borti. På dei fremste benkane er det sett opp fjøler for å hindre at nokon skal brenne seg på varmerøra.

#### 6.2. Ellingsøy kyrkje

Ellingsøy kyrkje er særmerkt med si takform som minner om møteteltet som israelittane bar med seg gjennom ørkenen. Kyrkja har vakre tekstilar i dei liturgiske fargane, samt tilhøyrande stola og messehakel, laga av Astrid Synnes. Kyrkjekunsten elles er av målaren Håkon Gulvåg. Takvindua gir vakkert lys til kyrkjerommet, men har òg gitt sine utfordringar gjennom åra grunna lekkasje. Eit omfattande arbeid med å tette taket, som også innebar skifte av glasfelta, blei starta opp i 2020. Takprismet vart bytta ut sommaren 2021, medan arbeidet med skifte av glas i sidefelta enno pågår. Ein håper å få arbeidet ferdigstilt før vinteren.

### **6.3. Igangsette og planlagde tiltak**

- Oppgradering av teknisk utstyr og inventar i kyrkjelydssalen i Ellingsøy med særleg tanke for ungdomsarbeidet
- Nytt teppe i Borgund kyrkje
- Nye antipendie og messehaklar i Borgund – avtale er gjort med Åse Eriksen
- Lage utebenkar av trevirke etter sedertreet i Borgund
- Nytt golv og nye stolar/trekk menighetshuset i Borgund

24. september 2021

På vegne av Borgund sokn og Ellingsøy sokn,

Kari Vatne  
sokneprest Borgund

Ida Marie Weltzien  
sokneprest Ellingsøy

**Visitasprogram er sendt ut i eiga sending.**